


Av Sigrun Okkenhaug.

Gjertrud Hojem i Frol.



Frå Reistad: Gjertrud Hojem og dotra Karen Reistad, bak står to borneborn.

På Reidulfstad i Frol bur ei gammal kone som fylte 95 år den 29. mars. Ho er mor hennar Karen Reistad og heiter Gjertrud Hojem.

Gjertrud er fødd i Sagstugu — ein heim som no er nedlagt for lenge sidan, og som låg ved elva milkom Reistad og Okkenhaug. Det var sag der den tid, og far hennar Gjertrud var sagmeister.

I Sagstugu var det som i andre småheimar — og større heimar meg — etter kvart som borna vaks til, laut dei ut. Gjertrud kom óg ut. Ho var berre gjentungen då ho reiste heimanfrå, til Reistad for å gjæta.

Det var ikkje på same viset med gjætinga den tid som det er idag. No slepper ein sauene å marka eller til fjells um våren og tar dei heim um hausten. Det er mest underleg, tykkjer Gjertrud. Den tid ho var med krøtera måtte ein passa dei vel — for vargen og for andre udyr. Ho har mykje og mangt å fortelja um det.

Ein dag ho gjætte sauene kom to vargar settande beint gjennom flokken og tok med seg kvar sin sau. Gjertrud til å kauka og til å bera seg — noko for å skrema vargen, og so for å få dit folk til hjelp. Ho sprang etter udyra, og ho var mest innpå den eine då han stana for å slengja sauene på ryggen.

Då fekk Gjertrud tak i bakparten på sauene. Vargen flekte tenner åt henne, men ho slepte ikkje ta-

ket. Og ho berga verkene sine. Det kom folk til på ropet hennar, og dei jaga vargen og fekk tak i den andre sauene med. Men den stod ikkje til å redda.

Ho har mange vargesogar. Ein gong tok vargen ei gjeit for henne endå ho gjekk der og passa dyra. Og ein annan gong tok han to sau-er for foreldra hennar. Dette var ikkje i fjellet — det var i heime-markom.

Ein gong var ho ute for bjørnen. Det står endå for henne som noko av ei storhending. Og det er vel ikkje mange i traktene her som kan segja dei har set skogkongen levande, i riket sitt.


Dei var to som gjætte i lag den gongen. Gjertrud hadde kome seg upp på ei flate med kyrne. — Hans heldt på og samla saman småfeet

noko stort raudbrunt levande i skogkanten. Ho hadde sola imot seg, so ho såg ikkje so vel, og ho trudde først det var ein hest.

«Eg undrast endå på kven som slepte hestane sine åt marken no i slåttonna», segjer Gjertrud.

Dyret kom nærare. Og no tok kyrne til å olmast. Då såg ho snart og skyna kva kar ho hadde framfor seg. Det var nok ingen slåttonn-hest, nei.

Gjertrud tok til å ropa «ho hit» åt han Hans. Men dei hadde narra kvarandre so mange gonger med dette ropet, so guten brydde seg ikkje større um det. Det vart stygg- lenge før han kom, tykte Gjertrud. Ho hadde «andåggå» med å halda kyrne unna. Ho sprang frå den einé kua til den andre og brukte



Frå Amerika: Dei sju av borna hennar Gjertrud — den eldsteav dei er død no.

lauren det no orka. Attåt kauka ho og ropte det vesle ho vann. Men bjørnen satt stor og roleg på bakken sin og glira mot henne med små griseaugo.

Ein og annan gongen lea han på seg og fnøste til sides. Då var Gjertrud redd han skulde slå seg vrang og ta etter krøtera. «For eg skal segja deg han var stor», fortel ho.

Endeleg kom då Hans med småfeet. Og han til å søykja og bera seg. Det var eit underleg styr. Men til slutt lunka bjørnen i veg til skogs att. Og han var so lodden at det var som pelsen flagra ikring han.

Borna hadde tenkt seg same leida med krøtera, men no snudde dei og drog heimover. Der fekk dei vondord fordi dei kom heim for tidleg, og folk vilde først ikkje tru dette med bjørnen. Når dei hadde berga alle krøtera, so —

«Det var no det same kva dei trudde óg då», sa Gjertrud, «han fekk no ut sveitten på meg —»

Dette var einaste gongen ho såg vill bjørn — varg derimot hørde det til dagsens orden å møta. Den var fienden den tid — både for buskap og gjætar.

Eg undrast korleis småguten eller smågjenta vilde ta seg ut i dag um det kom settande to vargar og tok kvar sin sau framfor nasen deira? eller um bjørnen kom lunkande imot kubusken? Dei fekk det vel annsamt no óg, men

helst med å koma seg vekk og berge sitt eget skinn kanskje.

To og tjuge år gamall vart Gjertrud gift med Johan Hojem. Dei hadde først Kolbergsmo, sidan Holte i Nordbygda og kjøpte til slutt Lillehojem av foreldra hennar Gjertrud. Ingen av desse heimane var store bruk. Der var ikkje tjenestegjentor på kvar finger til å senda ifrå seg i erend og arbeid. Skulde noko gjerast måtte husmora til sjølv — både i kjøken og fjøs. I onnetider måtte ho vera med ute óg. Det var nok mang ein slitsam og lang dag. Det vart ikkje rekna so nøgje med seks eller otte timars arbeidsdag, det kunde nok bli både 12 og 14 og meir til når det røynte på.

Det vaks upp ein stor barneflokk i Hojem, trettan born i alt. Dei óg fekk læra seg til å nytta hendene sine frå dei vart so store dei kunde halda i handfeng — anten det no var til innarbeid eller ute.

Ei truverdig kone fortalde meg at ho hadde havt ei av gjentane hennar Gjertrud Hojem som barnegjente. «Flinkare hjelp har eg ikkje havt», sa ho. Og so la ho til: «Men ho reiste til Amerika ho som so mange andre den tid.»

Til Amerika, ja. Det var vegen, det, for ungdom som vilde fram i verda. Og helst var det dei likaste som reiste.

Borna i Hojem reiste óg, den eine etter den andre. Etter som dei

vaks til vart heimen for liten. Det var som med fugleungane — dei måtte ut or reiret. Her heime var det lita von um å slå seg fram — derover lokka eventyret um stor fortene, der kunde ein bli til noko når ein berre hadde krefter og mot til å arbeida. Og «Norrønafolket det vil fare —»

Dei fór dei fleste av borna. Eg kan tenkja meg det var mang ei tung stund for henne som mor var, når guten eller gjenta kom og fortalde at no vilde dei i veg. No skulde dei til Amerika. Det var ikkje berre nokon lysttur heller den tid.

Eit år kom dei to eldste gutane heim frå Amerika — dei hadde då vore burte i mange år. Dei var venta til jol, men dei kom ikkje. Og kanskje tok dei smått til å gjeva upp vona dei som heime var, då dei ikkje hørde meir frå dei.

Ein dag då det leid over nyårshelga skulde Gjertrud burti skjolelet der mannen stod og hogg ved. Då fekk dei sjå to framandkarar som kom upp etter vegen, finklædde og i ytterfrakk.

«Dette må helst vera stemningsmenn, det», sa Gjertrud, «når dei er berre to —» Dei hadde vore tri um det var slike som skulde panta, meinte ho. Og so tok ho mannen i forhør, um han hadde betalt tiend og pliktutgifter elles?

Jau, Johan meinte då det. Endå hadde lensmannen sagt det åt honom føre jol, at han var heldig som det hadde gjort. So det skulde

ikkje vera noko i vegen soleis. Ja, då skyna dei ikkje kven desse framandkarane skulde vera.

Dei kom då til gards, og dei gav seg i prat med folket. Dei spurde seg veg til Munkrøstad millom anna. Men dei vart likevel ståande der og sjå seg ikring.

Gjertrud hadde gått inn, ho var ikkje budd til å ta imot framandfolk tykte ho. Men so kom Johan drivande inn med dei — dei vilde ha noko å drikke. Då var det ei av gjentone som sa: «Eg synes den eine er so lik han Mikal, eg —»

Det var han Mikal og broren — dei hadde vorte forsinka over Atlanteren grunna storm. Ein kan sagte tenkja seg det vart glede i Hojem. Men då karane reiste att utpå våren, var tri av dei yngre syskena med.

Det var nok ikkje med noko lett hjarte mora sa farvel. Men Gjertrud skyna det måtte so vera. Ho hadde gjeve borna sine det beste heimanfylgje dei kunde få, arbeidsglede og godt mod. Resten sette ho i Vårherre si hand. Dei kom no ikkje lenger enn han vilde lel.

Dei vart verande i Amerika, borna hennar Gjertrud — som so mange andre. Ei tid hadde ho otte born derover — no er det berre seks att som lever. Og her heime lever to — John som har farsheimen og Karen som er gift med Ingvald Reistad. Hos dei bur Gjertrud no.

Det er ingen som har gløymt mor si. Um vegen er lang over havet, går det båter og post til kvar tid. Og det er ikkje lenge millom kvar gong det kjem Amerikabrev til Gjertrud Højem. Til kvar årsmålsdag og til kvar jol kjem det mange sendingar og helsingar. Ikkje berre frå borna som reiste frå Lillehojem, men óg frå alle dei unge borneborna som er fødde og oppvaksne i Amerika. Frå dei som aldri har set bestemor si, berre høyrte um henne av dei som ikkje kan gløyma.

Når ein kjem i prat med Gjertrud, er det gjerne ikkje lenge før ein kjem inn på Amerika og dei som der er. Ho snakkar heilt lokalkjend um Iowa, Minneapolis og Duluth. Og ho kjenner borneborna sine. Ho fortel um dei fire smågjentone hennar Grete som vart morlause då dei var små. «Den eldste var berre åtte år», segjer ho, «men dei vaks no til dei óg.» Og ho viser fram bilæte av dei som brur.

Gjertrud har vel innåt firti borneborn alt i alt, og no er fleire av dei óg gifte og har born. Dei skin so vakkert dei gamle augo hennar Gjertrud, når ho fortel um alle sine kjære.

Eg må minnast bodordet um å heidra far og mor. Då far hennar Gjertrud vart gamall og skral, var det ho som passa han. Og ikkje berre han, men stykmor si og faster si hadde ho attåt å stella. I sju lange år låg far hennar til sengs;

men Gjertrud gjorde kva ho kunde for å gjera dei siste åra hans gode og ljose. Endå det kunde sjå ut som ho hadde nok med sine eigne små og med arbeidet elles.

Men ho tenkte nok aldri anna enn at slik skulde det vera. No er ho sjølv gamall og har det godt hos sine eigne. Og ingen av alle dei ho sende ifrå seg har gløymt henne.

Eit anna ord minnest eg óg. Det er godt to i den eller den, segjer vi. I Gjertrud Højem har det vore godt to — og er det enno. Ho les Amerikabreva sine sjølv, ho les tekstene i salmeboka og testamentet, og ho les avisa — trass i sine 95 år. Og ho trivst ikkje med å vera gjerandslaus. Når ho ikkje har ein bunding å bala med, likar ho seg ikkje.

— Fem og nitti år er ein lang arbeidsdag. Det er mange dagar. Og mange umskifte har det vore i den tid. Ei slik gamall kone har set mykje og røynt mangt. — Vi kjem fortare fram no, livet pulserar raskere, det er mykje meir jag og uro enn før i tida — ein har liksom ikkje ro i seg til å venta. —

«Men ein kjem no ikkje lenger enn Vårherre vil lel då,» segjer Gjertrud med den rolige ljose smilen sin. Eit visdomsord som det kanskje var verd å minnast for nokon kvar.

Sigrun Okkenhaug.